

# **Rapport om stoda for nynorske læremiddel**

Noregs Mållag og Norsk Målungdom

November 2001

## Innhold

1	Innleiing og samandrag .....	3
2	Parallellutgåveordninga.....	5
2.1	Lovverket .....	5
2.2	Tilskotsordninga.....	6
2.3	Godkjenningsordninga og handhevinga av parallellutgåvekravet.....	7
3	Nynorskutgåver av lærebøker – tilskot og praksis .....	8
3.1	Parallellutgåvetilskotet på statsbudsjettet – utvikling .....	8
3.2	Økonomien i parallellutgåveordninga – utviklinga på statsbudsjettet.....	9
3.3	Lærebokproduksjonen.....	12
3.4	Lærebokdistribusjonen og utlånsordninga .....	13
3.5	Oppsummering og vurdering .....	13
4	Programvare og digitale læremiddel .....	15
4.1	Pedagogisk programvare/digitale læremiddel .....	15
4.2	Administrativ programvare .....	16
4.3	Oppsummering og vurdering .....	18
5	Framtidsutsikter .....	18
6	Vedlegg .....	19
6.1	Vedlegg 1: Regelverk for parallellutgåveordninga .....	19
6.2	Vedlegg 2: Brev frå Læringscenteret til Noregs Mållag 21.11.2001 .....	21

# 1 Innleiing og samandrag

Saman med dei utdanningspolitiske reformene (R94 og L97) har den offentlege læremiddelpolitikken gått gjennom store endringar det siste tiåret. Føremålet med denne rapporten er å oppsummera kva dette har hatt å seia for læremiddelsituasjonen for nynorskelevane. Rapporten er ikkje meint som ei fullnøyande framstilling og avgrensar seg til å oppsummera hovuddrag og peika på dei sentrale problema. Rapporten er utarbeidd på oppdrag frå styret i Noregs Mållag av Gudrun Kløve Juuhl og Oddmund Hoel, og er tilgjengeleg digitalt på [www.nm.no](http://www.nm.no).

Rapporten går særleg inn på følgjane av:

- Endringar i tilskotsordningane for parallellutgåver
- Fjerninga av godkjeningsordninga for lærebøker (2000)
- Utlånsordninga for lærebøker i den vidaregåande skulen
- Satsinga på digitale læremiddel og IKT i skulen

Hovudkonklusjonen er at ein står framfor ein større krise i parallellutgåveordninga der dei sentrale stikkorda er stort økonomisk etterslep i tilskotsordninga, usynleggjering i offentlege styringsdokument og vantande rapportering og oversyn over bruken av midla. Dette vil seia ei kraftig forverring av dagens situasjon, som er etter måten god. Etter skulereformene i 1990-åra har tilbodet av nynorske lærebøker vore godt, og parallellutgåveordninga har fungert etter intensjonen i opplæringslova og i tråd med ynska til målrørsla.

Det kan dessutan sjå ut til at den sterke fokuseringa på IKT og digitale læremiddel har gjort at omsynet til dei "gamaldagse" lærebøkene har kome i bakgrunnen trass i at dei framleis dominerer i skulekvardagen til elevane.

Parallellutgåveordninga har funnest i grunnskulen sidan 1969 og vidaregåande skule sidan 1974, og ordninga har to hovudelement: eit krav i opplæringslova om at læremiddel skal liggja føre til same tid og pris på bokmål og nynorsk, og ei tilskotsordning der læremiddelprodusentane får dekt meirkostnadene til parallellutgåvene.

Ordninga har gått gjennom ei dramatisk usynleggjering i statsbudsjettet dei seinare åra. Frå å vera ein eigen post på statsbudsjettet for 1994 har tilskotet til parallellutgåver vorte slege saman med stadig større sekkepostar for læremiddeltilskot samstundes som rapporteringa gjennom budsjettet har falle bort. Stortinget har såleis ikkje lenger styring med denne viktige institusjonen i norsk språkpolitikk. Denne usynleggjeringa har nådd eit nytt steg ved at ordet "parallellutgåve" for fyrste gong på fleire tiår ikkje førekjem i framlegget til statsbudsjett for 2002.

Sjølv tilskotsordninga er inne i ei økonomisk krise grunna etterslep etter R94 som har gjort at det ikkje er lyst ut midlar til parallellutgåver sidan hausten 1999. Etterslepet til basis- og parallellutgåver vil framleis vera på 40 mill kr etter at heile løyvinga for 2001 (18,7 mill kr) er brukt til å betala etterslep. Regjeringa har gjort framlegg om å føra løyvinga vidare på same nivå i 2002, noko som vil seia at det heller ikkje neste år kan lysast ut friske midlar til basis- eller parallellutgåver.

Til og med 1998 rapporterte Nasjonalt læremiddelsenter i årsmeldingane sine kor stor del av det samla læremiddeltilskotet vart brukt til parallellutgåver. Dette viser ein stadig fallande del, frå kring 50% (22,3 mill kr) i 1994 til 14% (11,6 mill kr) i 1998. KUF/LS sit ikkje med tal som viser kor stor del av tilskota etter 1998 eller kor stor del av etterslepet som gjeld parallellutgåver. Men tala frå 1997/98 tyder på at det aller meste av dette gjeld andre læremiddeltilskot enn parallellutgåvene, noko som òg er rimeleg å tru sidan det særleg er produksjonen av læremiddel for små fag som har drege ut i forlaga.

Sidan den førre krise i tilskotsordninga i 1992-94 har staten avskaffa godkjenningssordninga, som har vore det viktigaste styringsverktøyet og sanksjonsmidlet. Ansvar for handhevinga av parallellutgåveordninga ligg no på skuleeigarane, og Læringscenteret vedgår at det er uklårt kva ansvar styresmaktene no har på dette feltet. Ordninga er såleis råka av ei ansvarspulverisering.

Med ni registrerte unntak har forlaga så langt gjeve ut parallellutgåver av dei lærebøkene som fell inn under kravet. Det er likevel uklårt kor lenge forlaga vil halda fram med å gje ut nynorskutgåver for dei elevgruppene der det ikkje er kommersielt interessant dersom staten ikkje tek eit økonomisk ansvar for parallellutgåveordninga. Problema kan, som i 1993-94, truleg berre løysast ved ei semje mellom forlagsbransjen og staten der det offentlege går inn med dei midla som trengst. Det ligg ikkje føre tal frå KUF eller LS på kor mykje pengar som manglar i parallellutgåveordninga isolert, noko som er kritikkverdig i seg sjølv.

Størsteparten av etterslepet kjem truleg av tilskot til basisutgåver for små fag og har såleis ikkje noko med parallellutgåver/nynorsk å gjera. Parallellutgåveordninga har ankerfeste i opplæringslova og har sidan 1969 vore eit viktig språkpolitisk instrument. Det verkar såleis naudsynt å gjenoppretta ein eigen post for parallellutgåver på statsbudsjettet for å skilja ordninga klårare frå andre delar av læremiddelpolitikken og gje Stortinget reell styring med dette viktige språkpolitiske instrumentet.

Det er dessutan heilt naudsynt at det vert skipa eit sentralt oversyn (i regi av KUF/LS) over kva læremiddel som oppfyller parallellutgåvekravet og som skulane (både i nynorsk- og bokmålsstrok) dermed har høve til å ta i bruk. Dette vil vera ein viktig informasjonskjelde for skulane når læremiddel blir valde ut, og det vil ha ein motiverande effekt i høve til læremiddelprodusentane i og med at det er dårleg reklame å koma på ei liste over læremiddel som ikkje kan brukast. Det må òg setjast i gang eit meir aktivt informasjonsarbeid overfor skulane for å sikra at dei fylgjer opplæringslova på dette punktet, og Læringscenteret må bli pålagt å reagere overfor skular og læremiddelprodusentar som ikkje oppfyller parallellutgåvekravet.

Når det gjeld distribusjonen av lærebøker ser problema for nynorskelevane ut til å ha vorte mindre på grunn av utlånsordninga og nettbokhandlane som gjer elevane mindre avhengige av dei lokale bokhandlane og bruktmærknaden. Det ser likevel ut til å vera eit behov for å presisera overfor skulane at elevane gjennom utlånsordninga må lærebøker på den målforma dei sjølve ynskjer.

Når det gjeld digitale læremiddel har omsynet til parallellutgåveordninga og jamstelling mellom bokmål og nynorsk frå 2001 kome godt inn både i planverket og i dei digitale læremiddelprosjekta som er sette ut i livet,

sjølv om dette framleis ikkje kjem eksplisitt til uttrykk i det viktigaste styringsdokumentet, statsbudsjettet (Kap. 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga). Når det gjeld parallellutgåver av administrativ programvare, som er dei vanlegaste programma i undervisningssamanheng, har Læringscenteret rådd til ei forskriftsending som gjer at slike program òg fell inn under parallellutgåvekravet. Dette ligg no i KUF. Det ligg alt føre fullgode alternativ for Linux til bokmålsprogramma til Microsoft, så alt i dag vil eit parallellutgåvekrav til programvare kunna setjast ut i livet.

Rapporten peikar til slutt på at både politikk og realitetar på læremiddelfeltet har endra seg mykje dei siste åra, men at politikken for måljamstelling ikkje har endra seg tilsvarande. Måljamstillingskravet er framleis avgrensa til dei tradisjonelle læremidla (trykte og digitale) som er utvikla for skulebruk, medan ein stadig større del av lærestoffet vert henta frå andre kjelder der mesteparten av stoffet er på bokmål. Dette vil føra til eit dårlegare tilbod for nynorskelevane.

Heile situasjonen kallar såleis på ein fullstendig gjennomgang av stoda for nynorske læremiddel som må konkludera med ein læremiddelpolitikk som sikrar at utviklinga på feltet òg kjem nynorskelevane til gode.

## 2 Parallellutgåveordninga

### 2.1 Lovverket

Arbeidet for å gje nynorskelevar eit fullgodt læremiddeltilbod har vore ei hovudoppgåve for målrørsla i meir enn 100 år. I fyrste halvdel av 1900-talet var det i stor grad målrørsla sjølv som tok initiativet til, finansierte og gav ut nynorske lærebøker. I etterkrigstida vart krava stadig sterkare om at staten måtte ta dette ansvaret, og i grunnskulelova (1969) var det endeleg slege fast som eit prinsipp for grunnskulen at læremiddel skulle liggja føre til same tid og pris på nynorsk og bokmål. I 1974 vart det same prinsippet etter mykje strid og store aksjonar frå målrørsla si side slege fast i lov om vidaregåande opplæring.

Regelen vart ført vidare omtrent ordrett i opplæringslova (1998), og § 9-4, 1. og 5. ledd, seier i dag:

”I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

(...)

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i første leddet.”

Nærare reglar er gjeve i kapittel 17 i forskriftene til opplæringslova (sjå vedlegg 1). Hovudregelen er at parallellutgåvekravet gjeld læremiddel i fag (unnateke norsk) med årskull på minst 300 elevar. Frå byrjinga var denne grensa 100 elevar, men ho vart heva til 300 i 1987 samstundes som det vart innført eit krav om fellesspråklege lærebøker for fag med under 300 elevar. Forskriftene presiserer at kravet både gjeld prenta og ikkje-prenta læremiddel, og gjev elles ein del unntak frå parallellutgåvekravet. Det mest omstridde unntaket frå

parallellutgåveregelen har vore det som gjeld administrativ programvare, og dette vert drøfta særskilt i kap. 4.2 nedanfor.

## 2.2 Tilskotsordninga

Då staten tok til å krevja at forlaga gav ut parallellutgåver, vart det samstundes skipa ei tilskotsordning der forlaga kunne få dekt meirkostnadene med å gje ut parallellutgåver. I lov om vidaregåande opplæring, §38, var det slege fast at ”Stortinget bevilger hvert år en sum til tilskott til utgivelse av lærebøker. Summen fordeles av departementet.” Denne formuleringa vart ikkje ført vidare i opplæringslova.

Reglane var lenge slik at forlaga fekk tilskot til parallellutgåver for fag som hadde årskull opp til 10 000 elevar. For å redusera kostnadene med læremiddelproduksjonen til Reform 94, vart dette ”taket” i 1994 redusert til 5000 elevar. Semja mellom forlaga og staten har gått på at forlaga får dekt meirkostnadene med parallellutgåver for små og mellomstore fag mot at dei legg prinsippet om felleskalkylar til grunn for parallellutgåvene for store fag. For dei største faga har marknaden lenge vore så stor at forlaga har hatt reint kommersielle motiv for å gje ut parallellutgåver. Dette gjeld alle bøker for grunnskulen, og det gjeld td. norsk i vgs. der det formelt ikkje er krav om parallellutgåver, men der forlaga likevel gjev dei ut.

Etter dagens ordning skal forlaga i prinsippet få tilskot etter desse reglane:

- Fag under 300 elevar: tilskot til basisutgåver som skal vera språkløyvde
- Fag med 300-1000 elevar: tilskot til basisutgåver og tilskot til parallellutgåver
- Fag med 1000-5000 elevar: tilskot til parallellutgåver
- Fag over 5000 elevar: krav om parallellutgåver, men ikkje tilskot

Som tabell 1 viser, er det på dei yrkesfaglege studieretningane det fyrst og fremst er færre enn 5000 elevar per årssteg/kurs. Dersom tilskotsordninga sviktar, er det dermed læremiddeltilbodet på desse studieretningane som fyrst vil koma i fare.

Kjønn og studieretning	I alt	Eittårige grunnkurs	Vidaregåande kurs I	Vidaregåande kurs II		Anna utdanning
				I alt	Elevar i fagopplæring i skole	
<b>Menn og kvinner</b>	<b>164 033</b>	<b>63 283</b>	<b>54 417</b>	<b>42 062</b>	<b>644</b>	<b>3 627</b>
<b>Allmennfaglege studieretningar</b>	<b>94 383</b>	<b>30 800</b>	<b>28 413</b>	<b>34 734</b>	<b>113</b>	<b>323</b>
Allmenne, økonomiske og						
Administrative fag	83 743	26 904	24 987	31 416	113	323
Musikk, dans og drama	4 445	1 680	1 424	1 341	-	-
Idrettsfag	6 195	2 216	2 002	1 977	-	-
<b>Yrkesfaglege studieretningar</b>	<b>69 650</b>	<b>32 483</b>	<b>26 004</b>	<b>7 355</b>	<b>531</b>	<b>3 304</b>
Helse- og sosialfag	15 884	6 661	6 527	2 645	51	-

Naturbruk	3 954	1 661	1 335	957	1	-
Formgjevingsfag	12 826	5 813	4 747	2 163	103	-
Hotell- og næringsmiddelfag	5 968	3 480	2 460	8	20	-
Byggfag	4 787	2 689	2 068	-	30	-
Tekniske byggfag	1 897	958	715	224	-	-
Elektrofag	8 741	4 291	3 320	1 083	47	-
Mekaniske fag	9 924	5 287	4 140	245	252	-
Kjemi- og prosessfag	774	402	372	-	-	-
Media- og kommunikasjonsfag	729	379	320	30	-	-
Salg- og servicefag	296	296	-	-	-	-
Trearbeidsfag	566	566	-	-	27	-
Teknisk fagskole	3 092	-	-	-	-	3 092
Uoppgitt studieretning	212	-	-	-	-	212

Tabell 1: Elevar fordelt på studieretningar, GK, VK1 og VK2 (2000). (Kjelde: Statistisk sentralbyrå)

Ei av dei viktigaste endringane med R94 var at teknisk fagskule kom inn i systemet med eit stort læremiddelbehov. I 2000 kom det til to nye studieretningar: Media- og kommunikasjonsfag, og Sal- og servicefag.

### 2.3 Godkjenningssordninga og handhevinga av parallellutgåvekravet

Fram til 1.8.2000 måtte lærebøker i grunnskulen og den vidaregåande skulen godkjennast av KUF, som hadde delegert forvaltninga til NLS. Godkjenninga galdt både pedagogisk innhald, likestilling og språk.

Parallellutgåveordninga og godkjenningssordninga var formelt uavhengige av kvarandre, men sjølv om parallellutgåvekravet femnde om fleire læremiddel enn dei godkjenningsspliktige, praktiserte forlaga og NLS det slik at berre dei godkjenningsspliktige lærebøkene var underlagde parallellutgåvekravet. Godkjenningssordninga fungerte som ei effektiv handheving av parallellutgåvekravet ved at endeleg godkjenning av læreboka ikkje vart gjeve før både bokmåls- og nynorskmanuskripta var godkjende.

Etter at Stortinget fjerna godkjenningssordninga, er det skuleeigarane sjølve som må sjå til at berre læremiddel som finst i parallellutgåver er i bruk i skulane. Det finst i dag ingen sentral instans ut over dei sentrale bokdatabasane som skulane kan venda seg til for å få opplysningar om kva lærebøker som oppfyller parallellutgåvekravet. Noregs Mållag har bede KUF og Læringscenteret laga ei sentral informasjonsteneste der skular, elevar og lærarar kan finna slik informasjon, men har så langt ikkje fått gjennomslag. Det er såleis ingen sentral instans lenger som reagerer overfor forlag som ikkje oppfyller parallellutgåveplikta eller skular som brukar ulovlege læremiddel. Læringscenteret har sjølv kommentert den uklære situasjonen slik (brev til KUF 18.6.01 om parallellutgåvekrav for programvare – vår uth.):

”Da godkjenningssordningen for lærebøker ble opphevet juni 2000, ble ansvaret for at kravet til språklig parallellitet for læremidler ble oppfylt, flyttet fra sentrale offentlige organer til en fordeling av ansvar mellom forlag og andre leverandører og brukersiden, det vil si de som kjøper læremidler (fylker, kommuner og skoler). Det vil **formodentlig** fremdeles være et offentlig ansvar å kontrollere at brukerne (skolene som i siste instans har ansvaret for å følge opp elevenes språklige rettigheter) tar i bruk

læremidler som finnes i språklige parallellutgaver. Om det er mulig å gjennomføre en kontroll med dagens rapporteringssystemer, om det vil være aktuelt å etablere nye kontrollsystemer for å fange opp overtramp og eventuelt komme med sanksjoner, eller om ansvaret helt og holdent skal overlates til den enkelte innkjøpsinstans skal ikke vi ta stilling til. Vi vil bare peke på at dette problemet eksisterer.”

Ved at det ikkje lenger finst nokon sentral instans som ser til dette, står det offentlege i praksis utan sanksjonar overfor forlag som berre gjev ut bokmålsutgåver. Det einaste verkemiddelet skulane har, er å la vera å bruka boka. Men bokmålsskulane, som utgjer det store fleirtalet, undersøker sannsynlegvis aldri om eit læremiddel finst i nynorskutgåve før dei tek det i bruk. Dermed er det opp til nynorskskulane åleine å utøva eit marknadspress ved å ta i bruk andre bøker om dei finst, men på dei faga det her er snakk om, utgjer dei samla ikkje ei så stor elevgruppe at dei har noka marknadsmakt å stilla opp med. Det er dessutan illusorisk å tru at nynorskskular spreidde på mange fylke skal greia å samordna seg på ein måte som er effektiv overfor læremiddelprodusentane.

Det einaste formelle verkemiddelet ein nynorskelev har, er sannsynlegvis å gå til rettssak mot den skulen/skuleeigaren som tek i bruk bøker som ikkje finst i parallellutgåver og dermed ikkje oppfyller §9-4 i opplæringslova. Heller ikkje dette er særleg realistisk.

Etter at godkjenningssordninga vart fjerna, er såleis ansvaret pulverisert, og det er svært uklårt kva dei sentrale styresmaktene vil gjera den dagen ein læremiddelprodusent ikkje lenger oppfyller parallellutgåvekravet i opplæringslova.

### **3 Nynorskutgåver av lærebøker – tilskot og praksis**

#### **3.1 Parallellutgåvetilskotet på statsbudsjettet – utvikling**

Attåt godkjenningssordninga har tilskotsordninga for læremiddel vore det sentrale statlege verkemiddelet for å setja parallellutgåvekravet ut i livet. Staten og forlaga hadde saman ytt ei løyving til nynorske lærebøker frå 1961, og særleg frå 1977 vart parallellutgåveposten på statsbudsjettet trappa kraftig opp for å møte kravet i lov om vidaregåande opplæring. Tilskota nådde ein førebels topp i 1980 med 17 mill kr, og innsatsen i 70-åra sette fart i utviklinga av nynorskutgåvene. I 1971 viste eit oversyn frå målrørsla at berre 27% av lærebøkene i gymnaset fanst på nynorsk. Heldt ein norskfaget utanom var berre 17% på nynorsk. Ved inngangen til 80-åra hadde den nynorske lærebokdekninga vorte svært god.

Deretter gjekk løyvingane sakte, men sikkert nedover, og frå toppen i 1980 og fram til 1992 gjekk posten med tilskot til parallellutgåver på statsbudsjettet ned med heile 70% i reell kroneverdi. Dette utløyste ei krise i ordninga som liknar ein del på stoda i dag. Det utvikla seg den gongen ein automatikk i ordninga der forlaga kunne vera sikre på å få basis- og parallellutgåvetilskot for alle bøker som var underlagde godkjenningssordninga og som vart gjeve ut for dei faga ein etter reglane kunne få støtte for (parallellstøtte for 300-10 000 elevar i årskullet, basisstøtte for fag med under 1000 elevar).



Forlaga gav ut fleire bøker enn tilskotsordninga hadde pengar til, og dei forskotterte i stadig større grad for parallellutgåvene dei produserte fordi etterslepet stadig auka og det gjekk fleire og fleire år før dei fekk utbetalt tilskota dei hadde krav på. I 1993 vart særleg lærebøker for fag med mellom 300 og 1000 elevar prioriterte i parallellstøtta.

Denne krisa vart løyst i oppkøyinga til Reform 94 gjennom ei semje mellom forlaga og staten. På statsbudsjettet for 1994 plussa Stortinget på 10 mill kr til parallellutgåver i tillegg til dei 13,8 mill kr som regjeringa hadde gjort framlegg om, og forlaga sette ein strek over resten av etterslepet. Dermed kunne ein byrja på null før det store lyftet med å produsera læremiddel til R94. Elevtalsgrensa for parallellutgåvetilskot vart då redusert frå 10 000 til 5000. Det vart dermed mogleg å produsera lærebøker for R94 utan å slå av på kravet til parallellutgåver.

Samstundes vart reglane for tildeling av tilskot stramma inn og praksisen lagt om. Tidlegare hadde forlaga i regelen fått støtte til dei bøkene dei gav ut. No vart NLS langt meir aktiv og lyste ut midlar til basis- og parallelltilskot på fagområde for fagområde. Det vart sett avgrensingar på kor mange bokprosjekt pr. fag som kunne få støtte, og dei siste åra har dette vorte praktisert slik etter kor stort årskull faget har (jf. vedlegg 2):

- Under 300 elevar: basisstøtte til fellesspråklege utgåver – 1 tittel pr studieretningsfag
- 300-1000 elevar: både basis- og parallellstøtte – 2 tittel pr studieretningsfag
- 1000-5000 elevar: berre parallellstøtte – 2 titlar pr studieretningsfag

Utbetalingspraksisen vart òg endra. Til å byrja med vart heile tilskotet utbetalt ved oppstart av prosjektet. Seinare vart dette endra slik at halvdelen vart utbetalt ved oppstart og resten ved ferdigstilling.

### 3.2 Økonomien i parallellutgåveordninga – utviklinga på statsbudsjettet

Løyvinga til parallellutgåver over post 70 "Tilskot til lærebøker/læremiddel" har utvikla seg slik:

År	Kap.	Post 70, S-III/ blå bok/ saldert budsjett	Post 70, rekneskap	Av dette basis og parallell	Av dette parallell	Merknad
1992	249	29,7	29,4			
1993	249	34,5	35,2			
1994	249	45,7	45,6	34,0 (re)	22,3	
1995	244	69,7	69,6	60,0 (re)	22,8	
1996	244	69,7	50,5	59,1 (bu)	20,6	
1997	244	71,2	50,5	60,0 (bu)	9,0 / 10,0	tilsegn / sluttutbet.
1998	244	65,0	81,4		5,4 / 6,2	tilsegn / sluttutbet
1999	244	42,3	56,6			
2000	244	35,5	14,1			
2001	202	32,8		18,7 (bu)		
2002	202	33,8				

Tabell 2: Post 70 "Tilskot til læremiddel o.a." (1992-2000: Tilskot til lærebøker m.v.). I 1997 og 1998 skil NLS mellom kor mykje det er gjeve tilsegn og kor mykje som er utbetalt til fullførte prosjekt. (Kjelde: Framlegga

*til statsbudsjett 1993-2002, Budsjettinnstillingar til Stortinget og tildelingsbrev for Læringscenteret 2001. Tala som gjeld parallellutgåver er henta frå årsmeldingane til NLS.)*

I tillegg til løyvinga har LS/NLS lenge hatt ei tilsegnfullmakt for å kunna inngå forpliktande avtalar med forlag for seinare år. 1998-2002 har tilsegnfullmakta vore på 20 mill kr årleg (1997: 30 mill, 1996: 60 mill). Midlane på post 70 kan overførast.

Det har variert svært mykje kor grundig statsbudsjetta for desse åra har gått inn på parallellutgåvespørsmålet:

*Statsbudsjettet for 1994:* "Utvikling av lærebøker og utgiving av basisutgåver", og "Utgiving av parallellutgåver" er framleis to ulike postar på budsjettet (underpost 1 og 2 av i alt 5 underpostar på post 70).

*Statsbudsjetta for 1995-97:* "Utvikling av lærebøker og utgivelse av basisutgaver og parallellutgaver" er her slege saman til ein felles underpost under post 70, av i alt 3 underpostar. I budsjettframlegget for 1997 er det sett opp ein tabell som spesifiserer kor mykje som er brukt til fellesutgåver, basisutgåver og parallellutgåver i 1994 og 1995.

*Statsbudsjettet for 1998:* "Tilskudd til lærebøker m.v." (post 70) er ikkje lenger spesifisert i underpostar og har dermed vorte ein sekkepost for tilskot til basisutgåver, parallellutgåver, spesialpedagogiske læremiddel, læremiddel for små språkgrupper (samar, innvandrarspråk) og ymse læremiddelutvikling.

*Statsbudsjettet for 2000:* Tilskot til parallellutgåver er for fyrste gong ikkje nemnt i teksten til post 70. Det står i staden ein generell tekst om at tilskotsordninga skal bidra til utvikling av læremiddel for små fagområde/elevgrupper der det ikkje er marknadsgrunnlag for utviklinga. Nokre små fagområde og utvikling av samiske læremiddel er nemnt særskilt. Parallellutgåver er nemnt i 'Resultatmål for 2000'.

*Statsbudsjettet for 2001:* Parallellutgåver er nemnt i 'Resultatrapport for 1999-2000', men ikkje i teksten til post 70 (jf. 2000).

*Statsbudsjettet for 2002:* Ordet 'parallellutgåve' førekjem for fyrste gong ikkje i budsjetteksten i det heile, heller ikkje under resultatrapporten for 2000-01.

Frå 1994 til 2002 har såleis parallellutgåvetilskota gått gjennom ei svært stor endring i budsjettproposisjonane frå å vera eigen post (1994) til å gå inn i ein stor sekkepost (1998) der det etter 1995 heller ikkje er rapportert i budsjettframlegget kor mykje som er brukt til dette føremålet. Samstundes har det vore ei utvikling frå at det stod relativt mykje om parallellutgåvene til og med budsjettframlegget for 1999 til at ordet 'parallellutgåve' ikkje førekjem i 2002-proposisjonen.

I tildelingsbrevet til Læringscenteret for 2001 (KUF 6.2.2001) går det fram at av den samla løyvinga på post 70 skal 18,7 mill kr brukast til "Utvikling av læremidler og utgivelse av basisutgaver og parallellutgaver". Men

korke KUF eller LS kan gje opp tal for kor mykje av denne samleposten som er brukt til parallellutgåver og kor mykje som er brukt til basisutgåver og andre føremål etter 1998.

Praktiseringa av tilskotsordninga strekar under at denne usynleggjeringa neppe er tilfeldig. Det som ikkje står i budsjettframlegga for 2001 og 2002 er at det ikkje er lyst ut friske midlar til basis- eller parallellutgåver sidan hausten 1999. Det har såleis ikkje vore parallellutgåvemidlar som forlaga har kunna søkja på i samband med nye bøker og revisjonar. Det vart heller ikkje lyst ut midlar til bøker for dei nye studieretningane Medie- og kommunikasjonsfag og Sal- og servicefag (2000).

KUF og LS gjev opp grunnen til dette til å vera eit stort etterslep etter tidlegare tildelingar (jf. vedlegg 2). Heile posten til "Utvikling av læremidler og utgivelse av basisutgaver og parallellutgaver" (18,7 mill kr) vart i 2001 brukt til å betala på dette etterslepet, og etter det er etterslepet framleis på 40 mill kr. Etterslepet fordeler seg pr. november 2001 på ca. 250 studieretningsfag og 18 forlag. Tilsegnfullmakta på 20 mill kr er såleis ikkje brukt. Det vil seia at dersom løyvinga vert ført vidare på same nivå i 2002 og 2003, vil det heller ikkje dei åra vera friske midlar til nytlysingar. Det høyrer med til dette biletet at ein del av etterslepet er bunde opp i tilsegn til prosjekt som neppe vert fullførte. Noko av etterslepet kan såleis disponerast til nye prosjekt når fristen for ferdigstilling har gått ut.

1995 var det siste året det vart rapportert i statsbudsjettet (for 1997) kor mykje pengar som gjekk til parallellutgåver. I årsmeldingane til NLS vert dette siste gong rapportert i årsmeldinga for 1998. Frå og med 1999 ligg det ikkje føre tal som fortel kor stor del av dei samla læremiddeltilskota parallellutgåvene utgjer, og KUF/LS har heller ikkje laga oversyn som viser kor mykje av etterslepet som gjeld parallellutgåvene.

Tala for dei to siste åra som er kjende (1997 og 1998) tyder likevel på at det aller meste av tilskota dei seinare åra og det aller meste av etterslepet gjeld basisutgåver, ikkje parallellutgåver. I 1998 gjekk berre 14% (11,6 mill kr) av det samla læremiddeltilskotet på over 80 mill kr til parallellutgåver, og i forlaga er det særleg produksjonen av lærebøker til dei minste faga som har drege ut. I 2000 vart det dessutan brukt mykje pengar på prenta og digitale læremiddel for teknisk fagskule.

Ut frå dette må ein dra den konklusjonen at det ikkje er lyst ut middel til parallellutgåver i 2000 og 2001 på grunn av at det har gått meir pengar enn planlagt til andre læremiddelføremål, særleg til basisutgåver i små fag.

Fleire moment dreg såleis i ei urovekkjande retning for dei nynorske parallellutgåvene:

- det er ikkje lyst ut midlar til parallellutgåver sidan hausten 1999
- dette kjem av eit stort etterslep som det ikkje ligg føre nokon plan frå KUF for å bli kvitt i budsjettframlegget
- parallellutgåveordninga er for fyrste gong ikkje nemnt i budsjettframlegget for 2002
- staten har fråskrive seg ein del av ansvaret for læremiddelutviklinga gjennom å fjerna godkjenningordninga

Det er dermed eit ope spørsmål om KUF i det heile har tenkt å ta eit ansvar for parallellutgåveordninga i framtida, eller om dette ei stille avviking av det sentrale ansvaret for ordninga og at ansvaret no heilt og fullt vert lagt i hendene til skuleeigarane og dei private læremiddelprodusentane.

### 3.3 Lærebokproduksjonen

Noregs Mållag og Norsk Målungdom laga i 1996, 1997 og 1998 "svartelista" til skulestart. Dette var ei liste med bøker som etter lova skulle liggja føre i parallellutgåve på nynorsk, men ikkje gjorde det. I 1998 viste det seg at dei fleste bøkene på lista var såpass marginale at ein måtte konkludera med at dekninga av nynorsk-bøker i den vidaregåande skulen var god. Det har difor ikkje vorte laga liknande oversyn 1999-2001.

Det generelle inntrykket i år er at dekninga av nynorske lærebøker framleis er god, men at situasjonen raskt kan bli verre når nynorskutgåvene vert utselde og/eller lærebøker må reviderast. Ei noko tilfeldig rundspørjing har gjort det klart at desse titlane ikkje ligg føre med nynorske parallellutgåver:

Forlag	Forfatar/tittel	Kurs
Gan	Saakvitne: Kommunikasjon	GK/VKI, medier og kommunikasjon
Gan	Saakvitne Nye elektroniske medier	GK/VKI, medier og kommunikasjon
Gan	Dahl og Karlsen: Levende bilder	GK/VKI, medier og kommunikasjon
Gan	Lindholm: Lyd	GK/VKI, medier og kommunikasjon
Lunde	A. Nordgard: Det handler om livet	
Elforlaget	Alvestad: Elektroniske bygningsinstallasjoner	GK, elektro
Gyldendal	R. Jeff: Aktiv Musikk-lære	GK, musikk/dans/drama
Gyldendal	Bjerkenes, Lyngdal og strand: Rettslære	
Gyldendal	Gjerset, Holmstad, Giske: Treningslære	(nynorskutgåva kjem 20.12.)

Tabell 3: Lærebøker for fag med over 300 elevar i årskullet som ikkje finst i nynorsk parallellutgåve pr. november 2001.

Gyldendal Yrkesopplæring: SkoleMagasinet, oktober 2001, skriv:

"Forlagsdirektør Kåre Kvilekval i Gyldendal Yrkesopplæring viser til at flere av opplagene som ble trykt for små elevkull i forbindelse med Reform -94 nå er iferd med å ta slutt. Søknader til Læringscenteret om midler til å produsere nye bøker, har blitt avslått med begrunnelsen at der ikke er midler. Resultatet er at forlaget vurderer å gi ut bøkene bare på bokmål. Å produsere nynorskutgaver ville påføre forlaget et betydelig tap – noe vi ikke kan påta oss, hevder Kvilekval, og beskriver situasjonen som dramatisk."

El-forlaget skriv til Noregs Mållag:

"Parallellutgaver har til og med Reform 94 vært støttet av offentlige bevilgninger som en konsekvens og oppfølging av lovpålegget om slike utgaver. Tidligere var det også mulig å få støtte til opptrykk av slike bøker når de var utsolgt. Årsaken og begrunnelsen har vært at utgavene har vært så kostbare, at de ikke har vært mulig å realisere uten at det økonomiske grunnlag ble sikret av det offentlige. Vi har de to siste årene gjort flere henvendelser til myndighetene via Læringscenteret for å få støtte til nynorskutgaver som har vært utsolgt, til reviderte utgaver og til nye bøker, men uten hell. Konsekvensen er at når

bøkene blir utsolgt, så blir de ikke trykket opp igjen.” (Kjelde: Bjørn Ribskog) Boka ”Elektriske bygningsinstallasjonar” finst av denne grunnen no berre på bokmål, trass i at boka er einerådande på marknaden og må nyttast av nynorskelevar òg (td. ved Ulstein vgs i Møre og Romsdal som har klaga).

### **3.4 Lærebokdistribusjonen og utlånsordninga**

Utlånsordninga i den vidaregåande skulen skal sikra elevane gratis lærebøker og har vorte godt teke imot frå elevhald. Målrørsla har vore positiv til utlånsordninga, og ein viktig grunn til dette er problema som nynorskelevane har hatt med bokhandlane. Særleg i dei områda bokmåselevane er i fleirtal har ein del bokhandlar vore motviljuge til å ta inn nynorskutgåver av lærebøkene og gjerne brukt lang tid på å skaffa dei.

Utlånsordninga har òg kunna bøta på problemet med at ein del nynorskelevar har følt seg økonomisk pressa til å kjøpa bokmålsutgåver fordi dei er lettare å få selt på brukmarknaden dei stadene der bokmåselevane er i fleirtal.

I skriva som KUF sende ut då utlånsordninga skulle setjast i verk, vart det ikkje presisert at skulane har eit ansvar for å tilby lærebøkene på den målforma elevane ynskjer. Det ligg ikkje føre nokon systematisk dokumentasjon på korleis utlånsordninga har fungert for nynorskelevane, og Noregs Mållag og Norsk Målungdom har fått nokre meldingar om at nynorskelevar på skular med stort bokmålsfleirtal har hatt visse problem med å få lærebøker på sitt eige mål. NMU har måtta hjelpa nynorskelevar mellom anna på Fyllingsdalen vgs, Orkdal vgs og Trondheim katedralskole, men alle stader har skulen skaffa nynorskbøker.

Alt i alt ser såleis utlånsordninga ut til å ha fungert godt.

For dei lærebøkene elevane kjøper sjølv, har nettbokhandlane òg gjort det lettare å gå utanom dei lokale bokhandlane som måtte vera trege eller uviljuge til å ta inn nynorskutgåver.

### **3.5 Oppsummering og vurdering**

Parallellutgåveordninga har gått gjennom ei dramatisk usynleggjering i statsbudsjettet dei seinare åra. Frå å vera ein eigen post på statsbudsjettet for 1994 har tilskotet til parallellutgåver vorte slege saman med ein større sekkepost for læremiddeltilskot samstundes som rapporteringa gjennom budsjettet har falle bort. Stortinget har såleis ikkje lenger styring med denne viktige institusjonen i norsk språkpolitikk.

Denne usynleggjeringa har nådd eit nytt steg ved at ordet ”parallellutgåve” for fyrste gong på fleire tiår ikkje førekjem i framlegget til statsbudsjett for 2002.

Sjølvle tilskotsordninga er inne i ei økonomisk krise grunna etterslep etter R94 som har gjort at det ikkje er lyst ut midlar til parallellutgåver sidan hausten 1999. Etterslepet til basis- og parallellutgåver vil framleis vera på 40 mill kr etter at heile løyvinga for 2001 (18,7 mill kr) er brukt til å betala etterslep. Regjeringa har gjort framlegg

om å føra løyvinga vidare på same nivå i 2002, noko som vil seia at det heller ikkje neste år kan lysast ut friske midlar til basis- eller parallellutgåver.

Til og med 1998 rapporterte Nasjonalt læremiddelsenter i årsmeldingane sine kor stor del av dei samla læremiddeltilskota som vart brukt til parallellutgåver. Dette viser ein stadig fallande del, frå kring 50% (22,3 mill kr) i 1994 til 14% (11,6 mill kr) i 1998. KUF/LS sit ikkje med tal som viser kor stor del av tilskota etter 1998 eller kor stor del av etterslepet som gjeld parallellutgåver. Men tala frå 1997/98 tyder på at det aller meste av dette gjeld andre læremiddeltilskot enn parallellutgåvene, noko som òg er rimeleg å tru sidan det særleg er produksjonen av læremiddel for små fag som har drege ut i forlaga.

Sidan den førre krisa i tilskotsordninga i 1992-94 har staten avskaffa godkjenningsordninga, som har vore det viktigaste styringsverktøyet og sanksjonsmidlet. Ansvar for handhevinga av parallellutgåveordninga ligg no på skuleeigarane, og Læringssenteret vedgår at det er uklårt kva ansvar LS no har på dette feltet. Ordninga er såleis råka av ei ansvarspulverisering.

Med ni registrerte unntak har forlaga så langt gjeve ut parallellutgåver av dei lærebøkene som fell inn under kravet. Det er likevel uklårt kor lenge forlaga vil halda fram med å gje ut nynorskutgåver for dei elevgruppene der det ikkje er kommersielt interessant dersom staten ikkje tek eit økonomisk ansvar for parallellutgåveordninga. Problema kan, som i 1993-94, truleg berre løysast ved ei semje mellom forlagsbransjen og staten der det offentlege går inn med dei midla som trengst. Det ligg ikkje føre tal frå KUF eller LS på kor mykje pengar som manglar i parallellutgåveordninga isolert, noko som er kritikkverdig i seg sjølv.

Størsteparten av etterslepet kjem truleg av tilskot til basisutgåver for små fag og har såleis ikkje noko med parallellutgåver/nynorsk å gjera. Parallellutgåveordninga har ankerfeste i opplæringslova og har sidan 1969 vore eit viktig språkpolitisk instrument. Det verkar såleis naudsynt å gjenoppretta ein eigen post for parallellutgåver på statsbudsjettet for å skilja ordninga klårare frå andre delar av læremiddelpolitikken og gje Stortinget reell styring med dette viktige språkpolitiske instrumentet.

Det er dessutan heilt naudsynt at det vert skipa eit sentralt oversyn (i regi av KUF/LS) over kva læremiddel som oppfyller parallellutgåvekravet og som skulane (både i nynorsk- og bokmålsstrok) dermed har høve til å ta i bruk. Dette vil vera ein viktig informasjonskjelde for skulane når læremiddel blir valde ut, og det vil ha ein motiverande effekt i høve til læremiddelprodusentane i og med at det er dårleg reklame å koma på ei liste over læremiddel som ikkje kan brukast. Det må òg setjast i gang eit meir aktivt informasjonsarbeid overfor skulane for å sikra at dei fylgjer opplæringslova på dette punktet, og Læringssenteret må bli pålagt å reagere overfor skular og læremiddelprodusentar som ikkje oppfyller parallellutgåvekravet.

Når det gjeld distribusjonen av lærebøker ser problema for nynorskelevane ut til å ha vorte mindre på grunn av utlånsordninga og nettbokhandlane som gjer elevane mindre avhengige av dei lokale bokhandlane og bruktmaknadene. Det ser likevel ut til å vera eit behov for å presisera overfor skulane at elevane gjennom utlånsordninga må lærebøker på den målforma dei sjølve ynskjer.

## 4 Programvare og digitale læremiddel

Medan det i framlegget til statsbudsjett for 2002 er sett av 33,8 mill kr til produksjon av ”læremiddel o.a.” (kap/post 202/70), er det sett av 196,6 mill kr til IKT-tiltak i utdanninga (kap 248), og løyvingane til IKT har auka mykje kvart år.

### 4.1 Pedagogisk programvare/digitale læremiddel

Nasjonalt læremiddelsenter satsa frå midten av 90-åra mykje på utvikling av pedagogisk programvare distribuert på diskett eller cd-rom. Norsk språkråd gjorde i fleire år ei oppteljing av fordelinga mellom nynorsk- og bokmålsversjonar av programma som NLS førte opp i sin eigen katalog over pedagogisk programvare:

	Prosent	Nynorsk av samla tal program
1994-95	15%	13 av 85
1998-99	18%	16 av 91
2000-01	26%	19 av 72

Tabell 4: Tal på program i nynorskversjon i NLS' katalog over programvare for skuleverket. (Kjelde: Norsk språkråd)

NLS har sjølv presisert at 50% av dei programma som vart utvikla i 1999 kom i nynorskversjon. Det har såleis vore ei positiv utvikling sjølv om denne prosenten etter lova skulle vore nærare 100.

Den slepphendte praksisen til NLS på dette feltet gjorde at nynorsk seint kom med i satsinga på digitale læremiddel. Då KUF i januar 2000 lanserte fireårsplanen *IKT i norsk utdanning. Plan for 2000-2003*, var ikkje parallellutgåver, måljamstelling eller nynorsk tematisert i det heile, noko det heller ikkje var i *Årsplan for 2000* som låg føre like etter.

I *Årsplan for 2001* (mai 2001) har dette kome seg noko. I planen heiter det: ”I den forsterkede satsingen på digitale læremidler vil det bli tatt behørig hensyn til Opplæringslovens bestemmelser om språklig parallellitet. Administrativ programvare er unntatt fra Opplæringslovens bestemmelser om språklig parallellitet. Spørsmålet om innføringen av et slikt krav også for denne type programvare er under utredning i KUF.”

Parallellutgåvekravet er òg slege fast i *Plan for digitale læremidler 2001-2003* (mai 2001).

No er målsetjingane om jamstelling mellom bokmål og nynorsk såleis nedfelte i dei interne plandokumenta til KUF i overordna formuleringar. I dei konkrete handlingspunkta i planane kjem dette framleis ikkje til syne. Det gjer det heller ikkje statsbudsjettet for 2002, Kap. 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga, ”Resultatmål for 2002”.

Stoltenberg-regjeringa satsa tungt på digitale læremiddel på nettet, og våren 2001 lyste LS ut ei anbodstevling om å laga nettbaserte læremiddel for samfunnslære VK1 som skulle vera gratis for elevane og i prinsippet ei

fullverdig erstatning for lærebøkene. Tre ulike læremiddelprodusentar fekk oppdraget, og nettstadene med samfunnslæreverka vart lanserte kring 1. september.

Både ”S-vev”, ”Samfun.net” og ”Samfunnslære på nett” finst på nettet både i nynorsk- og bokmålsversjon slik LS kravde i utlysinga. Ein gjennomgang viser rett nok at det er noko slurv i nynorskutgåvene. I S-vev er td. alle tabellane og tabelloverskriftene på bokmål, og i samfun.net er det bokmålsinnslag i ordsiftedelen. I Samfunnslære på nett finst nokre av oppgåvesidene berre på bokmål. Trass i noko vantande kvalitetssikring oppfyller likevel desse tre digitale læreverka parallellutgåvekravet på ein akseptabel måte.

Samstundes illustrerer samfunnslæreverka godt situasjonen når avstanden mellom læremiddel og ålmenne kunnskapskjelder vert mindre. Læreverka har ei rad eksterne lenkjer, og dei peikar mest alltid til bokmålssider som ikkje finst på nynorsk.

Det vart for 2001 sett av totalt 23 mill kr til utvikling av digitale læremiddel (kap. 249, post 70 Tilskot til IKT-tiltak). Ein del vart nytta til samfunnslæreverka, og 23.10.01 lyste LS ut resten av midla til digitale læremiddel for emna ”rasisme og etnisk diskriminering”, matematikk for ungdomssteget, engelsk for vgs. og frie middel. I alle desse utlysingane var det presisert at ”Prinsippet om språklig parallellitet skal ivaretas. Læremiddelet skal være tilgjengelig samtidig på bokmål og nynorsk”.

## **4.2 Administrativ programvare**

Medan parallellutgåvekravet i opplæringslova gjeld for alt som kan definerast som digitale læremiddel, er det gjort eit eksplisitt unntak i forskriftene (§17-3) for ”administrativ programvare”, som òg ofte vert omtala som kontorstøtteprogram (skriveprogram, rekneprogram, nettlesar, e-postprogram o.l. som er av dei mest brukte i samfunnet).

Sidan dette er dei mest brukte programma i undervisninga, var unntaket omdiskutert både i samband med diskusjonen om opplæringslova i 1997-98 og då forskriftene vart gjevne i 1999. I rundskrivet som fylgde forskriftene (F-044-99, 25.6.99), skreiv KUF:

”31. Administrativ programvare er i forskrifta § 17-3 unnateken frå kravet om språkleg parallellutgåve. Departementet arbeider med sikte på å endre forskrifta slik at elektroniske læremiddel skal omfattast av kravet om språkleg parallellutgåve. Dette skal mellom anna vurderast på grunnlag av rapporten frå ei arbeidsgruppe som vurderer forholdet mellom bruk av elektronisk programvare og nynorsk.”

Den nemnde arbeidsgruppa kom aldri i gang, og i Innst. O. nr. 89 (1999-2000), om endring i opplæringslova (7.6.2000) skreiv kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen fylgjande:

”Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kristelig Folkeparti, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Venstre, mener at spørsmålet om nynorskversjoner av administrativ programvare er en



avgjørende faktor i arbeidet for likestilling mellom nynorsk og bokmål, og en forutsetning for at nynorsk- og bokmåselever skal ha samme vilkår i skolen. Flertallet ber derfor departementet legge fram en tidsplan for arbeidet med å oppheve det foreløpige unntaket fra parallellutgaveregelen.

Når det gjelder andre læremidler som dekker vesentlige deler av læreplanen, vil flertallet som prinsipp gå inn for at disse må omfatte begge målformer. Flertallet ber om at de praktiske sidene ved dette blir gjennomgått så raskt som mulig og lagt fram for Stortinget.”

Saka vart deretter liggjande endå nokre månader før KUF 23.1.2001 gav Læringscenteret i oppdrag å greia ut konsekvensane av ei forskriftsendring og laga ein tidsplan for gjennomføringa. Tilrådinga frå LS kom 18.6.2001 med ein klår konklusjon om at unntaket bør opphevast etter denne tidsplanen:

”Høsten 2001: - Arbeidet med å oppheve unntaket fra kravet om språklig parallellitet for administrativ programvare (i først omgang tekstbehandling) startes.

1. august 2002: - Fritak for kravet om språklig parallellitet på tekstbehandling oppheves.

1. august 2003: - Fritaket for kravet om språklig parallellitet på øvrig administrativ programvare (regneark, databaseverktøy og presentasjonsverktøy) som læremiddel oppheves.”

Saka ligg no i KUF. Dette spørsmålet har vore ei svært viktig sak for målrørsla og elevorganisasjonane i fleire år, og i 2000 skreiv 110 ordførarar og over 463 rektorar under eit krav om at forskrifta måtte endrast. Dette var òg hovudkravet då 800 elevar demonstrerte i Ålesund 29. august. Dåverande utdanningsminister Trond Giske sa ved det høvet at KUF kom til å gå inn for å endra forskrifta slik at det vart stilt krav om parallellutgåver av vanlege dataprogram. Norsk språkråd har stilt det same kravet i ”Handlingsplan for norsk språk og IKT” (juni 2001), utarbeidd på oppdrag frå Kulturdepartementet.

Microsoft har monopol både i skuleverket og elles på den typen program det er snakk om her, og MS har heile tida stilt seg negativ til å utvikla nynorskversjonar av økonomiske grunnar.

Samstundes har realistiske nynorskalternativ til MS byrja å koma. Våren 2001 låg eit fullverdig nynorsk alternativ til MS Windows og MS Office føre for Linux (KDE, KOffice), utvikla på idealistisk basis. Dei to viktigaste prosjekta for å fremja bruk av Linux i skulen fekk i oktober 2001 økonomisk støtte frå KUF, og det er eit nært samarbeid mellom prosjekta:

*Nynorsk inn i IKT-opplæringa (NIO):* Initiativtakar er Høle barne- og ungdomsskule i Sandnes som har gått saman med Skeisvang vgs. i Haugesund, Årdal skule i Hjelmeland og Bokn skule om dette prosjektet. Føremålet er å driva utprøving, tilpassing og praktisk opplæring av lærarar og elevar i dei nynorske Linux-programma, og målsetjinga er å skapa eit kompetansmiljø som kan vera til hjelp for nynorskskular over heile landet. Prosjektet skal gå over fire år og fekk i oktober 2001 kr 500 000 frå KUF.

*Skolelinux*: Dette prosjektet kom i gang sommaren 2001 og har utspring i Linux-miljøet i Oslo. Føremålet er å gje alle norske skular fri programvare på bokmål og nynorsk og så langt som råd samisk. Prosjektet skal kvalitetssikra dei eksisterande programomsetjingane teknisk og språkleg, velja ut dei beste programma, laga programpakkar (distribusjonar) som er enkle å installera og utvikla lærebøker, driftshandbøker og kursopplegg. Prosjektet fekk i oktober 2001 kr 200 000 frå KUF til eit forprosjekt.

Såleis eksisterer det alt eit godt nynorsk alternativ til dei rådande bokmålsprogramma som i løpet av dei nærmaste månadene vil bli teke i bruk på elev- og lærarmaskinar på fleire skular.

### **4.3 Oppsummering og vurdering**

Parallellutgåvekravet og dei prinsipielle målsetjingar om jamstilling mellom nynorsk og bokmål har i 2001 endeleg kome med i dei interne plandokumentane i KUF/LS sjølv om dette framleis ikkje kjem eksplisitt til uttrykk i det viktigaste styringsdokumentet, statsbudsjettet (Kap. 248 Særskilde IKT-tiltak i utdanninga).

Det har i 2001 også kome i gang ei sterkare satsing på nynorskversjonar av vanlege dataprogram gjennom tilskot til to strategisk viktige Linux-prosjekt i skulen, og kravet om parallellutgåver vart oppfylt i den store satsinga på digitale læremiddel.

Samstundes har ikkje kvardagen for nynorskelevane endra seg. Læremiddel i samfunnslære og andre fag som no kjem i digital utgåve, har funnest på nynorsk tidlegare. Når det gjeld dei vanlegaste dataprogramma, er bokmålsversjonane framleis einerådande i norsk skule. Skal arbeidet med forskriftsendring og påverknad av dei store produsentane som har kome godt i gang i 2001 visast att i skulekvardagen, er det avgjerande at arbeidet blir fylgt tett opp av KUF/LS. Det viktigaste verkemiddelet ser framleis ut til å vera ei forskriftsendring som over nokre år pålegg skulane å ta i bruk dataprogram som finst både i bokmåls- og nynorskversjon og dermed aukar presset på dei store kommersielle programvareprodusentane om å utvikla nynorskversjonar.

## **5 Framtidsutsikter**

Læremiddelpolitikken har gjennom fleire år lagt vekt på å viska ut skiljet mellom tradisjonelle lærebøker og digitale læremiddel, og mellom læremiddel og andre læringskjelder. Fjerninga av godkjenningsordninga var ein viktig lekk i dette, og skulen har vorte meir læreplan- og mindre lærebokstyrt. Den tradisjonelle læreboka har med varierende styrke vorte spådd ein sikker daude. Det er iallfall sikkert at anna læringsstoff (Internett, aviser, tidsskrift, oppslagsverk o.l.) vert drege meir og meir inn i undervisninga.

Dette stiller parallellutgåveordninga på nye utfordringar. Parallellutgåvekravet har vore stilt til det som klårt kan definerast som læremiddel, utvikla for skulebruk. Når meir og meir av det som vert nytta i undervisninga ikkje er læremiddel i tradisjonell forstand (trykte eller digitale), men andre kjelder, er det ein stor fare for at ein stadig større del av læringsstoffet ikkje finst på nynorsk fordi bokmål er fleirtals- og maktspråket. Storaviser som VG,

Dagbladet og Aftenposten og store blad og tidsskrift har framleis forbod mot nynorsk på redaksjonell plass, og det gjeld også nettutgåvene.

Målrørsla har hatt sin strategi for å møte dette, td. gjennom å stilla klåre krav om at også nynorsk skal brukast i "den nasjonale kunnskapsbasen" (jf. anbodstevlinga sommaren 2001). Ein viktig del av grunngevinga bak dette kravet har vore at dette vil bli svært mykje brukt i skuleverket. Kulturdepartementet presiserte i anbodsdokumenta at dette verket ikkje var underlagt kravet om parallellutgåver i opplæringslova, men har likevel stilt krav til ei viss måljamstelling.

Det synest likevel klårt at staten i dag ikkje har ein samla politikk for nynorske læremiddel som er tilpassa den nye læremiddelsituasjonen, læremiddelpolitikken elles og den nye skulekvardagen. Ein akseptabel politikk for måljamstelling på læremiddelområdet i framtida kan ikkje sjå bort frå at nynorskelevar òg har eit stort behov for å møte anna lærestoff enn dei tradisjonelle læremidla på sitt eige mål.

## 6 Vedlegg

### 6.1 Vedlegg 1: Regelverk for parallellutgåveordninga

#### 6.1.1 Opplæringslova (lov 17.7.1998, nr. 61), §9-4

##### § 9-4. *Lærebøker og andre læremiddel*

I andre fag enn norsk kan det berre brukast lærebøker og andre læremiddel som ligg føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris. I særlege tilfelle kan departementet gjere unntak frå denne regelen.

Norske lærebøker som blir brukte i skolen, skal vere i samsvar med læreboknormalen slik denne er fastsett i forskrifter med heimel i lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste. Med lærebøker er her meint alle trykte læremiddel som dekkjer vesentlege delar av måla og hovudmomenta for eit fag etter læreplanen for vedkommande klassetrinn eller kurs, og som elevane regelmessig skal bruke.

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på begge målformer slik at elevane lærer å lese både bokmål og nynorsk.

Ordlister til skolebruk skal godkjennast av Norsk språkråd.

Departementet gir nærmare forskrifter om kva læremiddel som er omfatta av kravet i første leddet.

Endra med lov 30 juni 2000 nr. 63 (i kraft 1 aug 2000, etter res. 30 juni 2000 nr. 645).

## 6.1.2 Forskrift til opplæringslova (28.6.1999, nr 722): Kapittel 17. Kravet om språkleg parallellutgåve

### § 17-1. *Generelt*

Kravet i opplæringslova § 9-4 andre ledd skal sikre mest mogleg likt tilbod av læremiddel på begge målformer. Samtidig skal reglane gjere det enklare for elevane å dra nytte av opplæringa, og sikre dei språklege rettane til elevane. Reglane skal ikkje hindre at elevane får ta i bruk eit breitt tilfang av lærestoff i opplæringa.

### § 17-2. *Hovudregel*

Læremiddel i andre fag enn norsk for årskull med elevtal over 300 må liggje føre på bokmål og nynorsk til same tid og same pris, jf. forskrifta § 16-4. Kravet om språklege parallellutgåver gjeld alle læremiddel som elevane skal bruke regelmessig i opplæringa, så framt læremidla dekkjer vesentlege delar av dei generelle måla i læreplanen, eller vesentlege delar av måla, lærestoffet, hovudmomenta eller hovudemna i eit fag etter læreplanen for eit visst klassetrinn eller kurs.

Læremiddel vil her seie alle trykte eller ikkje-trykte element, enkeltståande eller slike som går inn i ein heilskap, og som aleine eller til saman dekkjer vesentlege delar av dei generelle måla i læreplanen, eller vesentlege delar av måla, lærestoffet, hovudmomenta eller hovudemna i eit fag etter læreplanen for eit visst klassetrinn eller kurs.

Regelmessig bruk vil her seie at læremidlet blir brukt fast, over ein lengre periode, eller jamleg. Dette må sjåast i samanheng med forskrifta § 17-1.

### § 17-3. *Unntak*

Kjeldestoff, bakgrunnsstoff, artiklar, aviser, oppslagsverk, administrativ programvare og liknande, både trykte og ikkje-trykte, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve sjølv ved regelmessig bruk.

Læremiddel der den norske teksten ikkje har noko vesentleg å seie fagleg eller pedagogisk for bruken, kjem ikkje inn under kravet om språkleg parallellutgåve.

### § 17-4. *Alternative måtar*

I læremiddel der den norske teksten utgjer ein mindre del, kan kravet om språkleg parallellutgåve oppfyllest ved ei fellesspråkleg utgåve.

Nasjonalt læremiddelsenter kan etter søknad gi løyve til at språklege parallellutgåver av læremiddel for fagområde med små elevgrupper eller for fag i rask endring kan liggje føre som kombinasjonar av trykte og elektroniske utgåver, t.d. som utskrifter frå diskett, utskrifter frå Internett eller bestillingsproduserte utgåver.

### § 17-5. *Oppfølgingsansvar*

Skoleeigaren har ansvaret for å følgje opp dei rettane elevane har til læremiddel på eiga målform ved mellom anna å ta i bruk godkjende lærebøker. Skoleeigaren har ansvaret for å sjå til at dei læremidla som blir brukte regelmessig i opplæringa, ligg føre i språklege parallellutgåver etter forskrifta §§ 17-1 til 17-4.

## 6.2 Vedlegg 2: Brev frå Læringscenteret til Noregs Mållag 21.11.2001

[berre i prenta versjon]